

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 25.november 2015 – sak 139/15

Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 - tilleggsnotat

Det har no kome opp to sakstilhøve som har innverknad på fylkeskommunen sin økonomiske situasjon:

- Auka tapskompensasjon gjennom budsjettforliket i Stortinget
- FT sitt vedtak om sal av aksjane i F1 Holding/Fjord1.

I dette notatet vil fylkesrådmannen gjere kort greie for korleis han meiner desse to sakstilhøva bør handsamast i høve til finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2016/Økonomiplan 2016-18.

1. Auka tapskompensasjon

Av budsjettforliket som V og KrF har inngått med regjeringspartia H og FrP, går det fram at vi har fått gjennomslag for å auke tapskompensasjonen for fylkeskommunar som kjem særst dårleg ut av nytt inntektssystem med samla 60 mill. kr. Det samla beløpet er i tråd med den opptrappingsmodellen som Sogn og Fjordane fylkeskommune har spelt inn. Vi er kjende med at det no arbeidd vidare for at denne opptrappinga vert vidareført for dei komande tre åra. Samla kompensasjonsbeløp vil i så fall kome opp i 300 mill. kr, der vi vil få 90 mill. kr om fordelingsnøkkelen for 2015 vert nytta for dei komande åra. I tillegg vart det lagt inn 10 mill. kr i ekstra tapskompensasjon for 2015. Denne fekk vi ein mindre del av. Beløpa er føresett vidareført fram til neste revidering av inntektssystemet.

I framlegg til budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 er tapskompensasjonen for 2016 ikkje rekna inn. Dette vart det gjort greie for i arbeidsdokument 6/15 – presentasjonen etter framlegg til statsbudsjett. Fylkesrådmannen si grunngjeving for dette var at på kort sikt må vi forhalde oss til dei løyvingane som er kjent. Dette inneber at salderinga i budsjettframlegget har lagt til grunn at opptrappingsordninga er kutta med eitt år, frå 5 til 4, med ei samla utteljing på 67,5 mill. kr i staden for 90 mill. kr. Om opptrappingsordninga no likevel vert vidareført for 5 år, vil dette bety at salderingsbalansen for fylkeskommunen vil vere 22,5 mill. kr betre pr. år enn det som går fram av tilrådinga.

2. Vedtak i FT-sak 46/15 – Eigarposisjonen i Fjord1 AS

Fylkestinget sitt vedtak om sal av aksjane i F1 Holding/Fjord1, og at salsinntekta skal nyttast til sanering av lånegjeld, vil innebere at nivået på dei årlege kapitalutgiftene vil kunne reduserast. Dette vil igjen føre til at det vert frigjort driftsmidlar når transaksjonane er fullt gjennomførte. Dette vil igjen bety at dei årlege reduksjonane i driftsnivået kan avgrensast.

3. Samla vurdering av vidare innarbeiding

Både den auka tapskompensasjonen og frigjerings av driftsmidlar som følgje av gjeldssaneringa vil få innverknad på den langsiktige tilpassinga til nytt inntektsnivå. Det er likevel for tidleg å seie noko om når den samla verknaden av desse endringane slår inn i økonomiplanen, og kva dei eksakte beløpa vert:

- Den vidare prosessen kring salet av aksjane er avgjerande for tempoet på gjeldssaneringa og tilhøyrande reduksjonar i kapitalutgiftene
- Vi kjenner førebels ikkje den fylkesvise fordelinga av auka tapskompensasjon.

I finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 er det innarbeidd ei rekke innsparingstiltak/innsparingskrav for å få balanse i driftsbudsjetta i planperioden. Tabellen under viser ei oppsummering av desse tilrådingane:

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-----------------------------------------------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|
| Forvaltning | | | | |
| Vidareføring av kortsiktig innsparingstiltak | | -10,5 | -10,5 | -11,5 |
| Stillingar i sentraladministrasjonen | -4,0 | -7,0 | -7,0 | -7,0 |
| Kontrollorgana: Innsparing i tråd med KU-sak 59/14 | -0,5 | -0,4 | -0,4 | -0,4 |
| Kultur - kulturminnevern - stillingsreduksjon | | -0,7 | -0,7 | -0,7 |
| Plan og næring - stillingsreduksjon 0,5 årsverk næring | | | | -0,4 |
| Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar | | -0,1 | -0,1 | -10,0 |
| Opplæring | | | | |
| Vidareføring av kortsiktig innsparingstiltak | | -5,4 | -5,3 | -5,4 |
| Oppfølgingstenesta | -0,4 | -0,4 | -0,4 | -0,4 |
| Arbeidslivskontakt | -1,5 | -1,5 | -1,5 | -1,5 |
| Øk.rammer for drift av vg.skule | -2,7 | -11,6 | -18,1 | -18,1 |
| Gratis læremiddel/PC-ordning | -1,2 | -2,5 | -3,5 | -3,5 |
| Karriere rettleiing | -0,6 | -1,1 | -1,1 | -1,1 |
| Lærarressurs - open skule | -0,3 | -0,7 | -0,7 | -0,7 |
| Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar | | | -4,5 | -29,5 |
| Tannhelse | | | | |
| Strukturendring mv | -2,3 | -5,5 | -11,0 | -11,0 |
| Plan og næring | | | | |
| Folkehelse | | -3,1 | -3,1 | -3,1 |
| Reisemålselskapa | -1,0 | -1,0 | -1,0 | -1,0 |
| Plan og utviklingsarbeid | -0,5 | -0,5 | -0,5 | -0,5 |
| Utviklingsmidlar klima | -0,5 | -0,5 | -0,5 | -0,5 |
| Oppfølging satsingar | -0,5 | -0,5 | -0,5 | -0,5 |
| Stillingsreduksjon 0,5 årsverk næringsavdelinga, jf forvaltning | | | | |
| Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar | | -4,8 | -4,8 | -4,8 |
| Kultur | | | | |
| Nedlegging av bokbåten | -1,3 | -1,3 | -1,3 | -1,3 |
| Musea, -1,-2 og -3 mill. kr/år frå 2017 | -1,0 | -2,5 | -2,5 | -2,5 |
| Bibliotek | | -0,3 | -0,5 | -0,5 |
| Kulturminnevern - produksjon | | -0,7 | -0,7 | -0,7 |
| Kulturminnevern - stilling, jf forvaltning | | | | |
| Museum | -0,2 | -0,2 | -0,3 | -0,3 |
| Kunstformidling | -1,3 | -1,3 | -1,0 | -1,0 |
| Kunstproduksjon | -0,2 | -1,0 | -1,0 | -1,0 |
| Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar | | -0,5 | -0,5 | -0,5 |
| Samferdsle | | | | |
| Innsparingstiltak kollektiv/veg 2016 | | -45,0 | | |
| Sognebåten | -4,8 | -4,8 | -4,8 | -4,8 |
| Vinterstenging av vegar | | | -3,0 | -3,0 |
| Terminalar og venterom | | | -0,2 | -0,2 |
| FTU-tiltak | | | -2,2 | -2,2 |
| Ungdomstilbod | | | -2,3 | -2,3 |
| Bilruter | | | -9,4 | -14,1 |
| Kollektiv båt | | | -4,5 | -6,7 |
| Ferjesamband | | | -4,0 | -6,0 |
| Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar | | | -8,9 | -16,0 |
| Innsparingstiltak/Innsparingskrav i gjeldande tilråding: | -24,7 | -115,3 | -122,1 | -174,6 |

Fylkesrådmannen meiner at den samla prioriteringa av tilrådde innsparingstiltak/innsparingskrav frå 2017 bør vurderast på nytt i lys av dei nye føresetnadane. Dette vil kunne gjerast som ein del av den komande økonomiplanprosessen våren 2016. Ein vil då også ha skaffa seg betre oversikt over oppgjerstidspunkta i høve salet av aksjesalet i Fjord1.

For budsjettåret 2016 vil fylkesrådmannen tilrå at tilrådde innsparingstiltak vert gjennomført som planlagt. Dette vil bidra til ein rammereduksjon som vi uansett må ta, og i nokre tilfelle vil det også vere naudsynt å starte tiltaka i 2016, for å få til naudsynt tilpassing til framtidige inntektsrammer.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at det vert lagt inn følgjande tillegg i vedtakspunkta 3 og 5 i framlegget til vedtak i budsjettsaka:

Til slutt i punkt 3:

Auka tapskompensasjon vert førebels avsett til det etablerte omstillingsfondet. Dei økonomiske konsekvensane av FT-vedtak i sak 46/15 – Eigarposisjonen i Fjord1 AS, vert innarbeida når prosessen kring salet av aksjane er nærare avklara.

Til slutt i punkt 5:

Disponering av auka handlingsrom som følgje av auka tapskompensasjon og sal av aksjar vert vurdert som ein del av økonomiplanprosessen 2016. I dette arbeidet skal det gjerast ei ny vurdering av vedtekne innsparingstiltak/innsparingskrav for åra 2017-19.

4. Avsluttande merknad

Fylkesrådmannen har elles merka seg at budsjettforliket mellom KrF, V og regjeringspartia har medført auka løyvingar til fylkeskommunane på nokre andre område. For fylkeskommunane samla kan dette oppsummerast slik:

| | |
|------------------------------------------------|--------------|
| Auka lærlingetilskot med 2.500 kr pr. kontrakt | 49 mill. kr |
| Regionale utviklingsmidlar | 54 mill. kr |
| Næringsretta midlar | 70 mill. kr |
| Rassikring fylkesvegar | 75 mill. kr |
| Gang-/sykkelvegar, fylkesvegar | 75 mill. kr |
| Oppstart nasjonal TT-ordning | 22 mill. kr |
| Belønningsordning for kollektivtrafikk | 275 mill. kr |

Dette er i hovudsak auke i alt innlagde/øyremerka ordningar, der den fylkesvise fordelinga først vert kjent på nyåret. Vi legg difor opp til å ta nærare stilling til desse postane i tertialrapport 1/16 når den fylkesvise fordelinga er kjent.